

Gje oss di stemme 11. september!



Kjersti Toppe
Bergen, 1. kandidat
Alder: 49
Yrke: Stortingsrepresentant/lege



Nils T. Bjørke
Voss, 2. kandidat
Alder: 58
Yrke: Bonde



Hans Inge Myrvold
Kvinnherad, 3. kandidat
Alder: 32
Yrke: Dagleg leiar



Sara H. Sekkingstad
Radøy, 4. kandidat/ungdomskandidat
Alder: 24
Yrke: Student



Alexander F. Andersen
Bergen, 5. kandidat
Alder: 33
Yrke: Lektor



Mette Heidi B. Ekrheim
Etne, 6. kandidat
Alder: 53
Yrke: Fotterapeut



Jon Askeland
Radøy, 7. kandidat
Alder: 53
Yrke: Ordførar

8. Sigrid B. Handegard, f. 1963, Jondal
9. Geir Indrefjord, f. 1987, Bergen
10. Jostein Ljones, f. 1967, Kvam
11. Kristin Kleppe, f. 1967, Tysnes
12. Jakob Bjelland, f. 1972, Stord
13. Anne Hilleren, f. 1973, Askøy
14. Anna K. Vale, f. 1950, Lindås
15. Steinulf Tungesvik, f. 1965, Bergen

16. Samson Hamre, f. 1957, Ullensvang
17. Lars Fjelstad, f. 1993, Osterøy
18. Inga Rullestad, f. 1994, Etne
19. Herborg Nordtveit, f. 1964, Fusa
20. Siren Elise Tømmerbakke, f. 1963, Os
21. Lillian Torvund, f. 1975, Meland
22. Kjell Arve Vorland, f. 1968, Sund



www.sp.no

E-post: hordaland@sp.no

Telefon: 53 00 01 90

Bli medlem, send sms til 2360 med kodeord «SP»



2. kandidat Nils T. Bjørke



1. kandidat Kjersti Toppe

Folkestyre - Fordeling - Forvaltning
Stem Senterpartiet
– to på tinget
Stortingsvalet 2017

Folkestyre, fordeling og forvaltning

Senterpartiet ønskjer eit samfunn med små skilnader, med trygge nærmiljø der folk kjenner dei hører til. Eit samfunn tufta på tillit, der folk tek ansvar for seg sjølve og fellesskapet. Senterpartiet vil ha desentralisering av makt og kapital, busetnad og næringsliv. Naturressursane våre må takast vare på gjennom berekraftig bruk. Vekst er ikkje å forbruke meir, men å forvalte betre. Senterpartiet vil ha eit samfunn der det er folket som styrer. Vi trur på eit levande folkestyre og er derfor mot norsk EU medlemsskap. EØS- avtalen må erstattast av ein handelsavtale med landa i EU.

Tillit og ansvar – mindre byråkrati

Senterpartiet kjempar for veldrivne, offentlege velferdstilbod i alle delar av landet. Offentleg sektor treng vidareutviklast med ny styring og leiing, der avgjerder vert teke nærist mogeleg brukaren. Tilsette i kommunal og statleg sektor må visast tillit og få auka ansvar. Meir ressursar må brukast ute i tenestene. Mindre ressursar må brukast på nye direktorat, byråkrati og rapportering. Kommunar må få rammer til å utvikle gode barnehagar, skular, legevakt og eldreomsorg nær der folk bur. Sentraliseringsreformene innan politi, forsvar, NAV, sjukehus og kommunar m.m., må stoppast.

Gode lokalmiljø – nær folk

Folk skal kunne leve og skape i heile Hordaland. Då trengs trygge lokalsamfunn med fullverdige lokalsjukehus og eit næropoliti som er tilstades. Senterpartiet arbeider for ein sterkt offentleg skule, som ser eleven, gir tillit til læraren og som satsar meir på praktiske fag. Førebygging må prioriterast høgare i helsepolitikken. Idrett, friluftsliv og 1 time fysisk aktivitet i skulen er del av vår strategi for betre folkehelse. Vi vil styrke den kulturelle grunnmuren og ha ei brei satsing på frivillige lag og organisasjoner.



Trygg og naturleg mat



Hordaland er eit viktig matfylke. Trygg mat er ikkje sjølvsgart. Sjølvforsyninga av jordbruksvarer produsert på norske areal må aukast. Lønsemenda ved bruk av dei spreidde jordareala i Hordaland må styrkast. Vi vil bruke lovverket til å hindre nedbygging av matjorda vår og ha ein nasjonal satsing for å redusere kasting av mat. Senterpartiet vil fremje sunt kosthald ved blant anna å gi elevar gratis frukt og grønt, og gradvis innføre skulemåltid. Beiting, husdyrhald, frukt- og bærproduksjon formar kulturlandskapet som reiselivsnæringa er avhengig av. Hordaland må utviklast vidare som natur- og kulturbasert reiselivsfylke.

Grøn vekst - norsk næringsliv

Senterpartiet vil føre ein aktiv næringspolitikk og fremje nasjonalt eigarskap til naturressursar, viktige selskap og samfunnets infrastruktur. Næringsnøytralitet må erstattast med spesifikke tiltak, som til dømes vil stimulere miljøteknologi og eit skatte- og avgiftssystem som gjer det lettare å utvikle fornybare produkt. Senterpartiet satsar på samferdsle. Gode, trygge vegar, kollektivtransport - båt, buss og bane - er viktig for miljø og næringsliv i Hordaland. Vi vil arbeide for digital allemannsrett, altså tilbod om utbygging av fiber til alle.

Eit trygt arbeidsliv

Senterpartiet vil ha eit arbeidsliv med respekt for alle yrke og trygghet for inntekt og pensjon. Alle skal kunne finne sin plass med si arbeidsevne. Fleire arbeidsretta tiltak må difor knyttast til ordinære arbeidsplassar. Alle som arbeider i Norge skal ha norske løns- og arbeidsvilkår. Vi vil ha eit lærlingløft i både privat og offentleg verksamhet. Arbeidsmiljølova må styrkast og det må bli langt færre tilsette i bemanningsbyrå og i midlertidige stillingar. Fagarbeidarar og praktiske yrke må få auka respekt.

Ny politikk – ny regjering

Senterpartiet går til val på å gje Norge ei ny regjering. Vi treng ny politikk for tenester nær folk, for desentralisering, fellesskapsløysingar, folkestyre og aktiv næringspolitikk. Senterpartiet trur på heile Norge.

Les vårt prinsipp- og handlingsprogram på www.sp.no